

VEDTEKTER
FOR
SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET (SMIL)
FOR
NORDDAL KOMMUNE

Vedtak iformannskapet 16.11.04:

Handlingsplanen for SMIL + skogbrukstiltak vert vedteken slik som utkastet. Vedtektene for SMIL vert vedtekne med dei endringane som er nemnde i saksvurderinga. Vedtektene for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og tilskot til skogbruksplanlegging vert uendra.

Endringane som ligg i formannskapsvedtaket, er innarbeidd i vedtektene.

§ 1 HEIMEL, KAPITAL, AVKASTING

For ordninga gjeld Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket fastsett av Landbruksdepartementet 4. februar 2004 med heimel i lov av 12. mai 1995 nr. 23 (jordlova) § 3 og § 18.

Ordninga vert finansiert av årlege overføringar frå Møre og Romsdal fylke. Overføringane, alle renter, og i tillegg inndregne midlar skal takast til inntekt for ordninga, og må disponerast i samsvar med forskrift og vedtekt.

§ 2 FORMAL

Formålet med tilskott til spesielle miljøtiltak i landbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i landbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå landbruket, utover det ein kan vente gjennom vanleg jordbruksdrift.

§ 3 KRAV TIL SØKJAR, SØKNAD OG TILTAK

Tilskott kan berre løyvast til landbrukseigedommar i drift. Brukaren (-ane) og landbrukseigedommen (-ane) må fylle kriteria for å ta i mot støtte etter den generelle forskrifta om produksjonstilskott i landbruket.

Kravet vert rekna som oppfylt dersom ein fellessøknad har minst ein søkjar som oppfyller kriteriet.

Kommunen kan gi dispensasjon frå dette kravet når særlege grunnar tilseier det. Ved vurdering av dispensasjonssøknader skal det leggest vekt på natur- og kulturminneverdiar.

Tilskott vert løyvd på grunnlag av søknad med godkjende kostnadsoverslag. Søknaden skal sendast kommunen. Det skal nyttast søknadsskjema utarbeidd av Statens landbruksforvaltning.

Søknaden skal innehalde opplysningar om:

- Formål med tiltaket/ tiltaka
- Planar: Omfang, framdriftsplan, arbeidsskildring, planteikningar m.m.
- Spesifisert kostnadsoverslag og finansieringsplan.
- Detaljkart som syner kvar tiltaket ligg, t.d. økonomisk kartverk

Miljøplan trinn 2 skal leggest ved søknaden for søkjarar som i følge forskrift for miljøplan er pålagt å ha slik.

Søkjær som ikkje eig landbrukseigedommen må ha skriftleg samtykke av eigar. Fellestiltak kan nytte organisasjonsnummeret til ein av søkjarane. Det må da føreligge skriftleg samtykke frå alle søkjarar om at denne personen kan handle på vegner av fellesskapet. Kommunen vil halde seg til den juridiske personen som har inngått avtalen.

Tiltak må tilpassast naturtilhøva på staden og kulturhistoriske tradisjonar. Omsynet til biologisk mangfald og kulturminne skal inngå ved alle skjøtsels- og etableringstiltak i landskapet.

Ved graving av opne avløp må det gjennomførast naudsynte sikrings-/ førebyggingstiltak.

Det kan ikkje løyvast tilskott til tiltak og prosjekt med eit godkjend kostnadsoverslag mindre enn kr 10 000.

§ 4 SAKSHANDSAMING OG PRIORITERING

Kommunen avgjer søknader om tilskott.

Etter at kommunen på nyåret har motteke rammeløyving frå fylket, skal ordninga kunngjerast, med minst ein månads søknadsfrist. Søklarar skal ha fått svar innan utgangen av april.

Formannskapet (FS) skal vedta ein strategiplan med målsettingar og strategiar for bruk av midlane. Vedtekter og strategiplan skal rullerast minst kvar valperiode.

Strategiplanen skal utarbeidast i samarbeid med næringsorganisasjonane, etter retningslinjer gitt frå sentralt hald (stat/fylke), og bør mellom anna innehalde tematiske og geografiske prioriteringar, tilskottsnivå og prinsipp for handsaming av søknader.

Søknader som ikkje krev dispensasjon – jamfør § 3 – er delegert til rådmannen. Søknader som krev dispensasjon, skal handsamast politisk av FS.

Rådmannen skal opprette ei rådgjevande gruppe for drøfting av omfattande prosjekt og prinsipielle saker, og dispensasjonssaker. I denne gruppa skal det sitje representantar både for politikarar og aktivt landbruk.

Det kan settast vilkår for løyving av tilskott til det enkelte prosjekt og tiltak.

§ 5 TILSEGN

Kommunen skal etter vedtak sende tilsegnsbrev med vilkår for tilsegna. Tilsegnsbrevet skal gi opplysningar om klagerett (jf. §9).

Tilsegnsbrevet skal gi ein frist for ferdigstilling, og informasjon om dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga.

Arbeidsfristen er normalt 2 år frå tilsegnsbrev er utsendt. Utsetting kan bli gitt med inntil 1 år.

Årlege tilskott kan løyvast for ein periode på inntil tre år med høve for forlenging.

Arbeid med rett til tilskott må ikkje startast før plan, teikningar m.v. er godkjend, og søknaden er avgjort av kommunen.

§ 6 GJENNOMFØRING OG VEDLIKEHALD

Tiltak skal gjennomførast og haldast ved like i samsvar med retningslinjer i forskrift og vedtekt og godkjend plan. For fysiske tiltak som mottek eingongstilskott har søkeren vedlikehaldsplikt i 10 år.

§ 7 UTBETALING

Løyvd tilskott vert utbetalt etter skriftleg oppmoding frå tilskottsmottakar og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjend sluttrekneskapen. Ein kan likevel betale ut deler av summen på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som deler av prosjektet eller tiltaket vert utført.

Minst 25 % av tilskottet skal haldast attende til arbeidet er godkjend fullført og sluttrekneskapen er godkjend.

Årlege tilskott vert utbetalt ein gong i året.

§ 8 KONTROLL OG EVT. ATTENDEBETALING

Mottakar av tilskott må godta kontroll av utført arbeid og er forplikta til å gi naudsynnte opplysningar. Kommunen kan gi pålegg om tilleggsarbeid og utbetringar.

Kommunen kan krevje tilskottet heilt eller delvis betalt attende dersom det vert avdekt tilhøve som er i strid med føresetnadene ved løyving av tilskottet. Kravet kan reknast mot produksjonstilskott eller andre tilskott som mottakaren har krav på. Det kan krevjast morarenter av beløpet som skal betalast attende, jf. Lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m.v.

§ 9 KLAGE

a) Forvaltingsklage (partsklage), forvaltingslova sin § 28:
Fylkesmannen er klageinstans. Ei klage skal stilast til og sendast til kommunen.

b) Lovlegheitsklage, kommunelova sin § 59:
Etter kommunelova sin § 59 kan tre eller fleire medlemmar av kommunestyret saman bringe vedtak gjort av folkevalt organ eller den kommunale administrasjonen inn for departementet til kontroll av om vedtaket er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere lovlegheitsklager er delegert til fylkesmannen (jf rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993). Frist for å krevje lovlegheitskontroll er ved forskrift av 13. januar 1993 (jf. Rundskriv H4/93) sett til tre veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

§ 10 RAPPORTERING

Kommunen skal kvart år rapportere bruken av midlane etter reglar fastsette i tildelingsbrevet frå fylket. Rapporten skal òg leggast fram for kommunestyret.